



VINDAFJORD
KOMMUNE



Etne
kommune

Rettleiar

Nedsett høyrsel- Læring i fellesskap

2025-2028



Arbeidsgruppe:

Vindafjord kommune: Barnehagerådgjevar Inger Kathrine Sundve, rektor/styrar Bjoa skule og barnehage Åse Markus Berge, rektor Ølen skule Gro Anett Espevoll, PPT- rådgjevar Annlaug Wegner og PPT-leiar Liv Ingunn Heie Medhaug (pensjonert).

Etne kommune: Pedagogisk Rådgjevar Dagfinn Garnes-Johnsen

Samarbeidspartar: Audiopedagog Inger Lovise Våge (pensjonert) v/NAV Hjelpemiddelsentral og interkommunal audiopedagog Thor Erik Sandvik

Revidert våren 2025 av PPT leiar Sonja H. Lærdal, PPT rådgjevar Annlaug Wegner og Interkommunal audiopedagog Thor Erik Sandvik

Revidert rettleiar vedteke 11.02.2025 av Kommunalsjef Oppvekst og kultur Etne kommune Mona Rasmussen Sævik og Kommunalsjef Oppvekst Vindafjord Nils Erik Eide.

Innhald

1.	LÆRING I FELLESSKAP	4
2.	NEDSETT HØYRSEL - ÅRSAKER TIL ULIKE HØYRSELSTAP	4
2.1	Andre vanskar med høyrsele	4
2.2	Auditive prosesseringsvanskar	5
2.3	Auditiv nevropati	5
2.4	Ulike grader av høyrsele tap	5
2.5	Høyrsele tap hjå minoritetsspråklege	5
3.	ULIKE ROLLAR	6
4.	LOVVERK	8
4.1	Barn med nedsett høyrsele i barnehagen	8
4.2	Barn/unge med nedsett høyrsele i skulen	9
5.	ASK – ALTERNATIV OG SUPPLERANDE KOMMUNIKASJON	10
5.1	Alternativ kommunikasjon	10
5.2	Supplerande kommunikasjon	10
5.3	Formål med ASK	11
6.	TEIKNSPRÅK	11
7.	TILTAK FOR BARN/UNGE MED NESETT HØYRSEL	12
7.1	Fysisk tilrettelegging	12
7.2	Teknisk tilrettelegging	12
7.3	Pedagogisk tilrettelegging	12
7.4	Psykososial tilrettelegging	13
7.5	Organisatorisk tilrettelegging	14
8.	LOVVERK SKULE - OPPLÆRINGSLOVA §3-4 ELLER §11-6?	15
8.1	Kompetanse	16
8.2	Sakkunnig vurdering	16
8.3	Kommunen si organisering	16
8.4	Overgangar	17
	RESSURSAR I ARBEIDET	17
	KJELDER	18

1. LÆRING I FELLESSKAP

Kva er høyrsele? Kva må til for at me skal høyra? Og kva vil det seia å ha nedsett høyrsele? Dette er nokre av spørsmåla du kan få svar på ved å gå inn på <https://www.statped.no/horselshemming/> og lesa sidene om høyrsele. Her finn du også nasjonale retningslinjer for høyrsele og ein høyrselesimulator der du kan høyra korleis det kan opplevast å ha nedsett høyrsele;

<https://simulator.helsekompetanse.no/horselstapsimulator>

Når eit barn har nedsett høyrsele, kan det påverka både kommunikasjonen, orienteringsevna og tilgangen til læring. I arbeidet med å leggja til rette for barn/eleva på ein god måte, må ein læra det enkelte barnet å kjenna og prøva ut ulike tiltak. I dette arbeidet er det viktig at barnet/eleva, foreldre og fagpersonar samarbeider nært, evaluerer og justerer tiltaka etter behov. Opplevinga av høyrseletap er individuell - det finst ingen fasit for god tilrettelegging. Endringar krev ekstra planlegging når eit barn/elev har nedsett høyrsele. For at barnehage og skule skal kunne leggja best mogeleg til rette for eit ivaretakande læringsmiljø, må alle endringar og overgangar førebuaast godt og i god tid.

Audiopedagog kan kartleggja og gje råd om kva rom og kompenserande tiltak som er naudsynte.

Kvar sak må vurderast individuelt. Barn med høyrselvanskar kan òg ha andre lærevanskar.

Meld.St 6 (2019-20) boks 3.6, peikar for framtidig styrka innsats for norsk teiknspråk i barnehage og skule. NOU 2019:23 har kome med nye forslag om opplæring i og på teiknspråk. Eleva i grunnskulen med høyrselhemming har rett til å få opplæring i og på norsk teiknspråk på skulen. Dette står i opplæringslova § 3-4. Opplæringslov og timefordelingsplan vil vera styrande. Rettleiaren må samsvara med lover og forskrifter.

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/rettigheter-for-elever-med-nedsatt-horsel-i-grunnskolen-og-videregaende-opplaring/>

2. NEDSETT HØYRSEL - ÅRSAKER TIL ULIKE HØYRSELSTAP

Medfødt høyrselestap	Erverva høyrselestap
Infeksjonar under svangerskapet	Gjentekne øyrebetennelsar og væske i mellomøyra
Oksygenmangel under fødselen	Infeksjonar som t.d. hjernehinnebetennelse, meslingar og kuma
Rusmiddel eller medikamentbruk	Traume/ fysiske skadar mot øyra eller visse deler av hjernen
Misdanningar i øyra	Utsett for høg lyd eller langvarig støy/lyd
Arvelege sjukdommar	

2.1 Andre vanskar med høyrsele

Barn som er sensitive for lyd (Hyperakusi), Tinnitus og Misfoni. Barn som blir forstyrra av ytre stimuli, t.d. barn med ADHD eller autisme. Traume kan t.d. gje høyrselestap. Barn kan også av ukjent årsak ha vanskar med høyrsele.




2.2 Auditive prosesseringsvanskar

Auditive prosesseringsvanskar (APD) er når øyra fungerer, men hjernen ikkje forstår. Ved APD klarer hjernen ikkje å oppfatta og tolka lyd. Ein har vanskar med å forstå og oppfatta ord som er nesten like, vanskar med å oppfatta og følgja munnlege instruksjonar og vanskar med å høyra kvar retning lyden kjem frå. Ein kan òg ha vanskar med å oppfatta, tolka og forstå budskapet i ein samtale, spesielt ved rask, utydeleg tale og i tillegg bakgrunnsstøy. Det kan òg vera vanskeleg å forstå ukjende dialektar og å oppfatta lange og fleirledda beskjedar. APD kan førekoma både ved normal og nedsett høyrsel.

2.3 Auditiv nevropati

Auditiv nevropati (AN) er når barnet/eleven har tilsynelatande normal høyrsel, men varierende problem med å tolka og forstå tale. Øyra, hørselnerva og hjernen må samarbeida for å forstå det ein høyrer. Hørselnerva fører lydinformasjon frå øyra til hjernen i form av elektriske impulsar. Ved AN er det mangelfull kommunikasjon mellom høyreorganet og hjernen. Signala blir på ein eller annan måte tapt på vegen og kjem fram usynkronisert. Det gjer det vanskeleg å forstå tale. Tilstanden blir ofte samanlikna med å snakka i telefon med «skurr på linja». Grad av korleis dette påverkar høyrsla er svært individuell.

Det er viktig å vera merksam på at barn med nedsett høyrsel òg omfattar barn med langvarig mellomøyreproblematikk (normal høyrsel i periodar) og einsidige høyretap. Desse borna kan lett bli oversett.



Bilete henta frå Statped

2.4 Ulike grader av hørseltap

Mildt hørseltap – Moderat hørseltap – Sterkt moderert hørseltap - Døv - Einsidig hørseltap - Dobbelsidig hørseltap

2.5 Hørseltap hjå minoritetsspråklege

9% fleire minoritetsspråklege born har hørevanskar, samanlikna med etnisk norske born. Årsaka til dette kan vera at dei har vore utsett for høg lyd (bombing, skyting). Dei kan ha gått lenge med ubehandla øyrebetennelsar. Språkvanskane deira blir sjeldan knytt opp til hørevanskar.

3. ULIKE ROLLAR

ROLLAR	ANSVAR OG OPPGÅVE
BARN/ UNGDOM	Foreldre/ føresette har mynde. Barn skal verta høyrde i alle delar av prosess.
Barnehage/skule	Styrar/ rektor har dialog med barn/elev og hentar inn skriftleg samtykke hos foreldre til å tilvise til PPT. Ny opplæringslov §3-4 krev ikkje sakkyndig vurdering, men ein uttale frå audiopedagogisk som ein medisinsk stadfesting på høyrselstapet. Barnehagelova krev sakkyndig vurdering etter §38. Styrar/ rektor gjer vedtak og har ansvar for å fylgja opp barn/elev i praksis. Eigar/styrar/ rektor har ansvar for å skaffa kompetanse.
	Eigar har ansvar for å leggja til rette for skyss om det er behov for dette som del av evt. utvida opplæringstilbod etter barnehagelova §38 eller opplæringslova § 3-4. https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/arbeid-med-aktivitetsplikten/vurdere-kva-som-er-best-for-eleven/
Pedagogisk leiar/ kontaktlærer/ spesialpedagog	Har ansvar for å utarbeida IUP og IOP på grunnlag av vedtak etter barnehagelova §31/opplæringslova § 11-6. Eleven kan også ha rett til § 11-5 fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel. Har felles ansvar for å ivareta barn/elev i opplæringa, arbeida aktivt for at barnet/eleven er inkludert i fellesskapet og sikra at det er god samanheng mellom det ordinære, det spesialpedagogiske og tiltak for høyrselvanskar.
PPT Etne og Vindafjord	Lagar ei sakkunnig vurdering av behov for opplæring etter barnehagelova §§31, 38 og 39 og oppl. lova §§11-6, 11-12 og §3-4. Utarbeider sakkunnig vurdering i dialog med foreldre, barn/elev, barnehage/skule og audiopedagog. https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/Slik-ivaretar-du-barnekonvensjonen-i-saksbehandlingen/ Søkjer Statped om deltidsopplæring og teiknspråkkurs til foreldre og barn. Søkjer Signo skole- og kompetansesenter for elevar med nedsett høyrsel i kombinasjon med ulike funksjonsnedsettingar, elevar med kombinerte syns- og høyrseltap, og elevar med døvblindheit.

<p><u>Vindafjord:</u> Interkommunal audiopedagog PPT Haugesund, Sveio og Utsira</p> <p><u>Etne:</u> Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) i Bergen</p>	<p>Vert kontakta av og samarbeider med PP-tenesta. Det blir kravd tilvising og samtykkeskjema slik at audiopedagog kan samarbeida og innhenta opplysningar frå ØNH.</p> <p>Informasjon til føresette, barnehage/skule om høyrseletap og kva konsekvensar dette kan få. Informasjon om pedagogisk tilrettelegging og samarbeid med hjelpemiddelsentralen om tekniske hjelpemiddel. Audiopedagog bistår med pedagogisk, teknisk, fysisk og organisatorisk tilrettelegging. I tillegg til kartlegging og vurdering av språkval.</p> <p>Audiopedagog/PPT bistår føresette i å søkja NAV om kompenserande hjelpemiddel og sender kopi til aktuelle instansar etter samtykke. Rapportar og aktuelle vedlegg frå audiopedagog blir sendt PPT som grunnlag til sakkunnig vurdering.</p> <p>Audiopedagog kan bistå med kurs om høyrseletap til tilsette i barnehage/skule og til medelevar. Kartlegg lyd miljø og lagar oppfylgingsplan. Teiknspråkkurs.</p>
<p>NAV hjelpemiddelsentral Hordaland (Etne)</p> <p>NAV hjelpemiddelsentral Rogaland (Vindafjord)</p>	<p>Kommune (PPT, audiopedagog, rektor/styrar) kontaktar hjelpemiddelsentralen via skjema: «Hjelp til vurdering og utprøving». Dette skjema skal brukast ved utprøving av høyretekniske hjelpemiddel og til bestilling av akustikkmåling. Rektor/styrar bør bestilla akustikkmåling.</p> <p>Etter at NAV har mottatt skjema avtaler dei med tilvisar.</p> <p>Alle høyrseletekniske hjelpemiddel blir først utlevert som eit utprøvingslån. Etter ca 3 mnd skal det bli vurdert å søkja om varig utlån på søknadsskjema.</p> <p>Hjelpemiddelsentralen leverer ut/monterer og reparerer høyrseletekniske hjelpemiddel og utfører akustikkmåling.</p> <p>Hjelpemiddelsentralen hjelper til med val av høyrseletekniske hjelpemiddel i samråd med foreldra.</p> <p>NAV kan delta i møte for å sikra god overgang.</p> <p>PPT bør syta for å koordinera/samordna møte med audiopedagog/Statped og hjelpemiddelsentral.</p> <p>Høyrseleteknisk utstyr, fysisk tilrettelegging og organisatorisk tilrettelegging bør vera eit fast tema på møta som handlar om barnet/eleven.</p>
<p>Statped</p>	<p>Kontakta med Statped går gjennom PP-tenesta.</p> <p>Gjev rettleiing til PP-tenesta.</p> <p>Gjer utgreiing av behov etter søknad.</p> <p>Gjev deltidsopplæring etter søknad på grunnlag av Barnehagelova §§31, 38 og Opplæringslova §§3-4 eller 11-6.</p> <p>Gjev kompetanse til personale med barn/elevlar på deltidsopplæring</p>

	https://www.statped.no/sok-tjenester/tjenester/deltidsopplaring/ Ein kan også søkje kurs ved Statped etter Barnehageloven §31 og Oppl. §11-6 for elevar, føresette og tilsette: https://www.statped.no/sok-tjenester/soknad-fra-pedagogisk-psykologisk-tjeneste/individbaserte-tjenester/
Signo	Kontakta med Signo går gjennom PP-tenesta. Gjev rettleiing til PP-tenesta. Gjer utgreiing av behov etter søknad for elevar med nedsett høyrse i kombinasjon med ulike funksjonsnedsettingar, elevar med kombinerte syns- og hørseltap, og elevar med døvblindheit. Gjev kompetanse til fagpersonar. Gjev teiknspråklege tilbod til døve, personar med nedsett høyrse og døvblinde på vegne av det offentlege. https://www.signo.no/radgivning-kurs-og-skole/
ØNH, øyre-nase-hals avdelinga, ved Helse Fonna og Høyresentralen i Bergen	Lege tilviser til ØNH, øyre-nase-hals avdelinga, ved Helse Fonna og evt. til Høyresentralen - Helse Bergen. 95% av tilvisingane til audiopedagog blir gjort ved ØNH avdelinga. Dei tilviser til Statped via Straks-tilbodet og gjev ut hørselsapparat og gjer tilpassingar. PPT skriv uttale til lege ved behov.
Habiliteringa	Lege tilviser.

4. LOVVERK

4.1 Barn med nedsett høyrse i barnehagen

Barnehagelova kap I og kap II og formål, innhald og medverknad

Barnehagelova kap VII. Spesialpedagogisk hjelp, ASK, teiknspråkopplæring, m.m. Barnehagelova VIII Psykososialt barnehagemiljø

SPESIALPEDAGOGISK HJELP §31: Barn i barnehage med nedsett høyrse kan etter sakkunnig vurdering og vedtak få rett til spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova §31.

BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE §37: Kommunen skal sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne.

TEIKNSPRÅK §38: Barn under skulepliktig alder som har teiknspråk som førstespråk, eller etter ei sakkunnig vurdering har behov for teiknspråkopplæring, har rett til slik opplæring. Retten gjeld uavhengig om barnet går i barnehage. Det skal utarbeidast sakkunnig vurdering ved behov.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/tegnsprak/>

ASK §39: Barn som manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), skal få bruka eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i barnehagen. Spesialpedagogisk hjelp etter §31 inkluderer opplæring i ASK.

4.2 Barn/unge med nedsett høyrse i skulen

Opplæringslova kap 1. Formål med og krava til opplæringa
Opplæringslova Andre del - Grunnskuleopplæring

§ 2-6 Kva grunnskule eleven skal gå på. Elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet.

§ 3-4 Opplæring i og på norsk teiknspråk i grunnskulen. Elevar med nedsett høyrse har rett til opplæring i og på norsk teiknspråk. Førsette og elevane vel om dei skal ha opplæring i og på teiknspråk. Elevar på 8.- 10. trinn vel sjølve om dei skal ha slik opplæring. Dersom skulen ikkje har lærerar som ikkje kan gje opplæring på norsk teiknspråk, kan opplæringa givast på ein anna skulen.

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/rettigheter-for-elever-med-nedsatt-horsel-i-grunnskolen-og-videregaende-opplaring/>

Elevar etter Oppll § 3-4 følgjer alle ordinære mål i Kunnskapsløftet i tillegg til fire fag som har eigne læreplanar. Frå 01.08.20 gjeld desse faga:

- Norsk teiknspråk
- Norsk for elevar med teiknspråk
- Engelsk for elevar med teiknspråk
- Drama og rytmikk for elevar med teiknspråk

Etter ny opplæringslov treng ikkje eleven fylgje alle fire læreplanar, men har moglegheit til å velja dei læreplanane dei sjølv ynskjer.

Kap 11 Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging.

§ 11-1 Tilpassa opplæring. Elevane skal få eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa, uavhengig av føresetnader og alle skal få utvikle og utvikla evna sine.

§ 11-4 Personleg assistanse.

§ 11-5 Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel.

§ 11-6 Individuelt tilrettelagt opplæring. Elevane har rett til individuelt tilrettelagt opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbyte av opplæringa.

§11-12 Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og treng ASK skal få bruka eigna kommunikasjonsformer og naudsynte kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Elevar har og rett til den opplæringa dei treng for å kunne bruke ASK. Denne opplæringa kan vera ein del av den individuelt tilrettelagt opplæringa etter §11-6

§12-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Kap 14 Organiseringa av opplæringa

Ein elev med opplæring etter Oppl § 3-4 skal etter forskrifta ha utvida timetal på 967 undervisningstimar i dei fire faga med eigne læreplanar, fordelt på ti skuleår. Fordeling av timar skal gjerast i samråd med føresette og elevar, på grunnlag av Udir si forskrift til timefordelingsplanen, *Udir -01-2019, vedlegg 1 pkt.2.4*. Noko av opplæringa kan gjevast som deltidsopplæring ved Statped, om eleven har fått innvilga dette, medan resten av timane kjem i tillegg til den ordinære opplæringa. Dei fire læreplanane er bindande i perioden vedtaket gjeld. Informasjon og ny læreplan er å finna på

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/tegnsprak/>

Rektor skriv enkeltvedtak på dette utan sakkyndig vurdering.

5. ASK – ALTERNATIV OG SUPPLERANDE KOMMUNIKASJON

ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) er språk som ikkje er personen sin eigen tale.

Ein skil mellom alternativ kommunikasjon og supplerande kommunikasjon.

5.1 Alternativ kommunikasjon

Alternativ kommunikasjon er når ein person kommuniserer på ein annan måte enn med verbal tale. Desse personane har ofte behov for å læra norsk teiknspråk. Ein føresetnad for å læra denne kommunikasjonsforma er at dei har god finmotorikk. Peikesnakking og bruk av grafiske symbol er ein annan måte å kommunisera på om personen har vanskar med å utføra teiknspråk, pga. finmotoriske vanskar eller kognitive vanskar. Peikesnakking skjer ved at personen peikar på eit symbol og kan gjera seg forstått. Symbola kan vera i papirform eller på ein talemaskin.

5.2 Supplerande kommunikasjon

Supplerande kommunikasjon er visuell støtte til den verbale talen. Personar som har vanskar med å uttrykkja seg verbalt, kan ha god hjelp av supplerande kommunikasjon i form av norsk med teiknstøtte (NMT), grafiske symbol, talemaskin, konkret, foto og skrift. Supplerande kommunikasjon vert ofte brukt når barnet/eleven har ei forseinka språkutvikling, dette gjeld både språkforståing og verbal tale.

5.3 Formål med ASK

ASK har som mål å fremja og støtta tale og sikra ein alternativ kommunikasjonsform viss personen ikkje utviklar evna til å snakka.

Barn/elevlar med høyrselevanskar har ofte ei forseinka språkutvikling og kan ha god nytte av ASK. Bodskep blir lettare å forstå når ein brukar visuell støtte til det som blir sagt. Barn/elevlar med nedsett høyrsel brukar synet sitt mykje for å forstå kva som blir sagt. Ved NMT brukar ein teikn på nøkkelorda i setninga. Når ein brukar NMT seinkar ein tempo når ein snakkar, blir meir tydeleg både i mimikk og kroppsspråk. Dette gjer at barn/elevlar med nedsett høyrsel forstår betre, og dei treng ikkje bruke så mykje energi på å oppfatta kva som blir sagt. Bruk av visuell dagstavle skapar oversikt over dagen og hjelp til å førebu ny aktivitet. Å vita kva som skal skje, kva tid ting skal skje, kor aktiviteten skal gå føre seg og kven eleven skal vera saman med, skapar tryggleik i kvardagen.



6. TEIKNSPRÅK

- Teiknspråk er eit **gestuelt-visuelt språk**. Gestuelt fordi hendene, ansiktet og kroppen vert brukt til å uttrykkja seg. Visuelt fordi det oppfattast gjennom synet. Talespråk er auditivt-vokalt.
- Teiknspråk er eit fullverdig språk med egne grammatiske reglar og setningsoppbygning.
- Ulike land har sine nasjonale teiknspråk.
- Teiknspråk har sin eigen kultur og historie.


Norsk teiknspråk (NTS) er eit minoritetsspråk på linje med andre norske minoritetsspråk.

Språket er utvikla i kommunikasjon mellom menneske som er døde i Noreg. Likt med andre språk, er teiknspråk i stadig utvikling. Teiknspråk vert påverka også av landets majoritetskultur, tradisjonar, element frå talespråket og frå andre lands teiknspråk.

Norsk teiknspråk vart i 2009 godkjent som et fullverdig språk i Noreg. Bakgrunnen var at regjeringa i 2008 la fram meldinga «Mål og meining – ein heilskapleg norsk språkpolitikk» (Stortingsmelding nr. 35, 2007-2008). Meldinga vart behandla og vedteken i Stortinget i 2009. Stortinget slutta seg til forslaget om å utarbeida ei allmenn språklov. Det overordna offentlege ansvaret for teiknspråk skal forankrast i språklova. Språkrådet arbeider for å styrkja norsk teiknspråk. Informasjonen er henta frå nettsida til Språkrådet <https://sprakradet.no/spraklova/norsk-tegnsprak/>

For å ivareta barn/elevlar med behov for opplæring på teiknspråk, treng barnet/eleven møta eit læringsmiljø/ teiknspråkmiljø med tilsette samansett av lærarar, miljøterapeutar og assistentar med teiknspråkleg kompetanse. Målet er at all undervisning og samhandling føregår i og på teiknspråk. Skular som har elevlar med

høyrsvanskar blir oppfordra til å knyte kontakt med andre skular der det går barn med §3-4. Dette for å byggja opp eit språkmiljø og etablera møtepunkt for å utvikla eit språkmiljø.



7. TILTAK FOR BARN/UNGE MED NESETT HØYRSEL

Alle må vita korleis dei skal møta og ivareta den som har høyrsvanskar. Det er omgjevnadene og situasjonen som bestemmer om barnet/eleven fungerer høyrande eller blir sosialt døv. Det er viktig med god tilrettelegging, både fysisk, teknisk, pedagogisk, psykososialt og organisatorisk.

7.1 Fysisk tilrettelegging

Rom; unngå ytre støy, indre støy og visuell støy. Plasser eleven på 1. eller 2. pult frå vindaug, heilt framme, då fell lyset utanfrå på ansiktet til læraren – dette gir betre munnavlesing. Kontorstol med sving, slik at eleven ser ansiktet til den som snakkar. Her må en lytte til eleven si stemme, og plassering må vurderast individuelt. Nokre elevar kan eks. ha ynskje om å sitja lengre bak.

Råd frå audiopedagog og Statped er gruppestorleik på inntil 15 elevar, evt. med skeivfordeling av elevgruppa i språkfaga. Tilretteleggingar kan vera god akustikk; lydemping på veggjar og tak, filt i leikekassar, filtduk under voksduken på arbeidsbord/bord for måltid, tunge gardiner, tennisballar på stolbein og skriveunderlag. La barn og vaksne bli møtt med teikn i det fysiske rommet. Heng teikn der ein finn ting, t.d. teikn for klossar saman med eit bilete av klossar på leikekassar der ein finn klossar. Lag «menykart» over ulike påleggsortar og ha dette på bordet når ein et. Innfør vekas teikn, heng dei godt synleg i barnehage og skule og send dei heim, slik at alle lærer dei same teikna som barnet.

7.2 Teknisk tilrettelegging

Høyreapparat/CI, Lydutjammingsapparat (lydforsterkar), direktelyd, mikrofonar og teleslynge. Hugs å lada batteria!

7.3 Pedagogisk tilrettelegging

Kommuniser slik at talespråk, kroppsspråk og mimikk stemmer overeins, ved bruk av alternativ kommunikasjon, norsk med teiknstøtte (NMT), teiknspråk og munnavlesing. Skulen eller barnehagen må informera vikarar eller besøkande om kva som er viktig i høve til barn/elev med høyrsvanskar.

- Sit rett framfor eleven når du snakkar

- Ikkje snakk med ryggen til eleven, t.d. når du skriv på tavla
- Ta pausar, - gi eleven tid til å notera før du snakkar vidare
- Syt for augekontakt med eleven
- Gjenta spørsmål og svar frå medelevar
- Ved gruppearbeid som inkluderer elev med høyrselvanskar, er det betre med to enn fire elevar
- Flytt lydførsterkar nær eleven. I store rom bør ein ha to lydførsterkarar
- Bruk mikrofonar, sjølv på dagar der den med høyrselvanskar ikkje er til stades, for å få inn gode rutinar
- Unngå bakgrunnstøy
- Unngå demping av lys i klasserommet
- Når ein presenterer eit nytt tema, få merksemda til eleven, bruk visuell støtte, gjerne ein liten film eller eit bilete for å introdusere nytt tema
- Fortel når du skiftar tema
- Bruk visuell støtte til det som vert formidla i klasserommet
- Sjekk forkunnskapar og sjekk om ord og omgrep er på plass i høve til nytt tema (mange barn med høyreanskar har eit mindre ordforråd enn sine jamaldringar)
- Jobb med ord og omgrep i forkant av tema
- Visuell dagsplan, oversikt over dagen, kva skjer til ei kvar tid, kor skal barnet vera og kven skal eleven vere saman med
- Faste rutinar, god struktur og føreseieleg kvardag er viktig
- Førebu eleven på endringar i kvardagen, bruk visuell støtte og gje skriftleg beskjed til heimen dagen før
- Syt for eit godt læringsmiljø, der elevar med nedsett høyrsel er aktivt deltakande og bidragsytarar på lik linje med sine medelevar med merksemd på likeverd og integrering.
- Det er viktig å gje barnet høve til å trekkja seg ut av fellesrom om barnet vert sliten og treng kvila/ta seg inn (la gjerne eit anna barn vera med, for å byggja venskap)

7.4 Psykososial tilrettelegging

Læringsmiljøet til barnet skal, både i barnehage og skule, vera trygt og godt.

Eleven/barnet sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn i vurderinga av kva opplæringstilbod elever/barn med nedsett høyrsel skal få. Elevane/barna har også rett til å medverke og bli høyrte. Dette følgjer av Grunnlova, barnekonvensjonen, barnehagelova og opplæringslova.

[Les meir: Vurdere hva som er best for barnet.](#)

Barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt og rett til vern om sin personlege integritet.

Tryggleik er fundament i oppvekstmiljø og læringsmiljø som fremjar god trivsel, læring og utvikling.

I barnehagen blir leiken styrt av kva leiker som er tilgjengeleg til ei kvar tid. Barn med hørevanskar har trong for å utvida ordforrådet sitt og har trong for ein vaksen som gir god språkstøtte, både verbalt og med teikn. Barnet må få eit godt sjølvbilete, identitetskjenne og oppleve seg inkludert i fellesskapet.

Medelevar treng informasjon om korleis ein opptrer i høve til elevane med hørevanskar. Leik og samspel går føre seg på dei høyrande sine premissar og barn får ikkje utvikla seg sjølv og sitt potensiale. Dette kan føra til sosial isolasjon og barna vil ikkje føla sosialt fellesskap. Ved tiårsalderen vart det mindre leik og meir samtale mellom elevane. Redsel for å misforstå, dumma seg ut og vanskar med å følgja med i samtalen, kan føra til einsemd. Latter kan misforståast. Friminutta kan bli vanskelege og barnet kan velja å trekkja seg vekk.

- Syt for å få eleven med hørevanskar inkludert i klassen
- Syt for at elevane får kunnskap om korleis dei skal opptre i høve til den som har hørevanskar
- Snakk ein om gongen, ikkje rop
- Snakk tydeleg, ikkje for fort – ikkje for seint
- Oppfattar ikkje eleven, så gjenta med andre ord
- Når du ler – forklar årsaka
- For at den med nedsett høyrsel skal koma med i ein pågåande samtale, er det viktig å informera kva ein snakkar om
- Barn med hørselsproblematikk kan bli slitne. Dei brukar mykje energi på å lytta og forstå situasjonar. Friminutt med mykje lyd og manglande oversikt, kan virka kaotisk. Å gje høve til å vera inne i enkelte friminutt og spela brettspel eller liknande saman med ein ven, vil vera eit godt alternativ til ein pause og få meir energi på. Samstundes byggjer ein venskap. Her finn du tips på tilrettelegging av ulike rom og på ulike arenaer som td. friminutt: <https://www.kunnskapsbanken.net/horsel/tilrettelegge-for-horselsvansker-i-skolen/>
- I barnehagen må ein tilby barnet ein roleg stad for å «kvila øyra» når ein ser at barnet blir sliten eller frustrert. Del i små grupper så ofte som mogleg. Det er ofte nok med to born i gruppa der den med hørselsvanskar er med.



7.5 Organisatorisk tilrettelegging

Skal barnehage og skule møte barn og unge med nedsett høyrsel, er dette tiltak som treng vurderast:

- Kompetanse hos undervisningspersonell
- Bruk av tolk
- Ei opplæring som legg til grunn læreplanar og tilpassa tiltak ut frå barnet/eleven sine føresetnader og behov
- Inkludering der ein tek utgangspunkt i barnet/eleven sin sjanse for opplæring i eit lærande fellesskap
- Syta for eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre

Eg høyrer dårleg



- Sjå på meg når du snakkar
- Snakk tydeleg

Gode lenker;

<https://www.kunnskapsbanken.net/horsel/tilrettelegge-for-horselsvansker-i-skolen/>

<https://www.statped.no/horselshemming/skole/barneskole/tiltak-i-grunnskolen-for-elever-med-nedsatt-horsel/horselstap-i-grunnskolealder/>

Tilrettelegging under prøvar og eksamen for elevar med nedsett høyrse: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/spesialpedagogiske-fagomrader/nedsatt-horsel/tilrettelegge-prover-og-eksamen-for-elever-med-nedsatt-horsel/>

8. LOVVERK SKULE - OPPLÆRINGSLOVA §3-4 ELLER §11-6?

OPPLÆRINGSLOVA §3-4	OPPLÆRINGSLOVA §11-6
Opplæring i og på teiknspråk	Individuelt tilrettelagt opplæring
Eigne læreplanar og utvida timetal	Har teiknspråkleg behov
Kan få fritak for framandspråk	Ynskjer ikkje/ har ikkje utbytte av å fylgja egne læreplanar
Ressursskule/ nærskule	Nærskule/ressursskule
Deltidsopplæring	Friskule

I vurdering av kva lovverk ein skal nytta, og kor opplæringa skal gjevast, skal gjerast ut frå Barnekonvensjonen artikkel nr. 3.1 «Barnets beste».

Ein skulekvardag for ein § 3-4 elev i nærskulen kan gje eleven læring i mangfald og lokalt fellesskap. Eit læringsmiljø med lite til ingen kompetanse i teiknspråk, og liten tilgang til språkmiljø, vil gje lite stimulering til språklæring i eit fellesskap. Dette er eit dilemma ein må ta omsyn til.

8.1 Kompetanse

Dersom barnet/ungdommen si opplæring i teiknspråk skal følgja Barnehagelova §38 eller Opplæringslova §3-4, må kommunen syta for at personell i barnehage og skule har naudsynt kompetanse i teiknspråk. Det er krav om at undervisningspersonell i barneskulen skal ha 30 studiepoeng i teiknspråk og 60 studiepoeng på ungdomsskulen.

8.2 Sakkunnig vurdering

Foreldre/skule som ynskjer at barnet/ungdommen skal få ei vurdering av behov for teiknspråk som førstespråk eller har behov for slik opplæring tek kontakt med skulen. For barn i barnehagen sender ein samtykke på sakkunnig vurdering til PPT. Det må i bestillinga presiserast at ein ber om sakkunnig vurdering etter Barnehagelova §38. I skulen er det kun behov for sakkunnig vurdering etter §11-6 om ein treng individuell tilrettelagt opplæring i sjølve teiknspråkopplæringa (§11-6 i §3-4). PPT legg utgreiing frå Statped og audiopedagog til grunn for tilråding.

Dersom foreldre og barnehage/skule i tillegg vurderer at barnet/ungdommen ikkje har tilfredsstillande læringsutbytte, sender ein bestilling på sakkunnig vurdering etter Barnehagelova §31 eller Opplæringslova § 11-6. PPT legg utgreiing frå Statped og audiopedagog til grunn for tilråding, i tillegg til eiga utgreiing.

Ein elev som får rett til opplæring etter opplæringslova §3-4, følgjer læreplanen og timefordelingsplanen for elevar med nedsett høyrsel, som begge er bindande. Bindande betyr at det ikkje finst fritaksreglar som seier at ein elev som får teiknspråkopplæring etter §3-4, kan velja vekk ein av dei fire særskilte læreplanane. Dette gjeld så lenge eleven fylgjer §3-4 Opplæring i og på norsk teiknspråk i grunnskulen.

Dersom eleven ikkje ønskjer alle andre sider ved opplæringa etter §3-4, kan eleven fylgja ordinær opplæring med særskilt tilrettelegging, i form av spesialundervisning etter §11-6. Eleven får då teiknspråkopplæring etter Opplæringslova §11-12, etter tilråding frå PPT. Eventuelle avvik frå læreplanen må då heimlast i Opplæringslova §11-6 og beskrivast i IOP.

I sakkunnig vurdering vert foreldre og barn sine synspunkt tillagt vekt. «Barnekonvensjonen har forrang alt anna lovverk om motstrid», Barnekonvensjonen artikkel 3.

8.3 Kommunen si organisering

Kommunen har ansvar for at pedagogisk personale i barnehage og skule har kompetanse i teiknspråk i samsvar med behov og kompetansekrav, og at læringsmiljøet gjennomgåande nyttar teiknspråk om dette skal vera førstespråket til eit barn/ein elev.

Kommunen kan gje tilbod til elevar med behov for teiknspråk, på ein ressurskule i kommunen.

Personale med kompetanse i teiknspråk, kan verta ressurspersonar i kommunen og få opplæringsoppgåver i fleire barnehagar og skular. Om ikkje kommunen har kompetansen som lova krev, har kommunen ansvar for å kjøpa teneste frå kommune som har denne kompetansen. Det må utarbeidast skriftleg avtale etter behov og i kvar individuell sak.

Foreldre skal få tilbod om å søkja plass i eit læringsmiljø, også utanfor eigen kommune, som gjennomgåande nyttar teiknspråk. Dette må skje etter foreldre sitt samtykke.

8.4 Overgangar

Høyrseletap kan påverka språkutvikling, erfaringshenting, sosial utvikling og samspel. Tilrettelegging og tiltak for barn og unge med nedsett høyrsele krev langsiktig planlegging.

For alle barn kan overgangar vera sårbare. Overgangar heim-barnehage, mellom avdelingar, frå barnehage-1.trinn, 4.-5. trinn, 7.-8.trinn og 10. trinn til vidaregåande skule treng førebuast godt. For barn med nedsett høyrsele må ein vera særleg merksam på at overgangar kan vera ekstra sårbare og treng god førebuing. Det er mange råd om naudsynt tilrettelegging å finna på

<https://www.statped.no/horselshemming/nedsatt-horsel-og-overganger/>



RESSURSAR I ARBEIDET

Læringsressurs hos Statped

<https://www.statped.no/laringsressurser/sok-resultatside/finn-laringsressurser/?q=h%C3%B8rsel>

UDIR- Læreplanen for Kunnskapsløftet 2020

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kunnskapsloftet-elever-med-tegnsprak/>

KJELDER

Barnehagelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=Barnehagelova>

Opplæringslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-0930?q=oppl%C3%A6ringslova>

Barnekonvensjonen: https://gibarnaahaap.no/fns-barnekonvensjon-om-barns-/?gclid=EA1aIQobChMIqK2LxtzG6AIVFqqaCh0CsQ0EEAAYAiAAEgJdbvD_BwE

Norsk språkråd: <https://sprakradet.no/spraklova/norsk-tegnsprak/>

Meld. St. 6 (2019-20) «Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO»

Øystein Stette Utdrag frå NOU 2019:23 «Forslag til ny opplæringslov med merknader». PEDLEX

Ohna og Simonsen «Barn med nedsett hørsel» Læring i fellesskap. Gyldendal.

Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/tegnsprak/>

Nav <https://www.nav.no/har-nedsatt-horsel#skole>

Statped; <https://www.statped.no/horselshemming/? t id=qa4XDY6pJcfLDLqlu0y2uA%3d%3d& t uuid=DiKqhXUU TXyMAULALtNSSg& t q=h%C3%B8rselshemming& t tags=language%3ano%2csiteid%3aef3d3fed-6956-4012-9794-e10aef7f5655%2candquerymatch& t hit.id=Statped ContentTypes Pages FagomradePage/ e0f99ee3-dd0a-42c3-b992-df7b8bd48b02 no& t hit.pos=1>

Teiknspråkopplæring: <https://www.statped.no/sok/?q=tegnspr%C3%A5koppl%C3%A6ring>

